Fylkesmannen i Aust-Agder
miljøvernavdelinga

Forvaltingsplan 2014 – 2022

FORVALTINGSPLAN FOR HISDAL NATURRESERVAT

Bykle kommune, Aust-Agder

Høyringsutkast september 2013

FORORD

Hisdal naturreservat blei verna ved kongeleg resolusjon 19.12.2008.

Denne forvaltingsplanen er laga etter mal frå Miljødirektoratet, som bygger på prinsippet om målstyrd forvalting av verneområde. Planen gjev grunnlag for å ta vare på verneverdiane i området med aktive forvaltingstiltak og retningsliner for korleis grunneigarar og publikum skal kunne utøve virket sitt innan ramma for verneforskrifta. Forvaltingsplanen blir gjort gjeldande for perioden 2014-2022.

Arbeidet med forvaltingsplanen blei starta våren 2011 ved at eit ope informasjonsmøte blei halde i Bykle kommunehus 06.06.2011. Her kunne kommunen, grunneigarar og andre interessentar kome med innspel til forvaltingsplanen. Det blei gjennomført to synfaringar av området saman med ein grunneigar.

I miljøvernavdelinga hjå Fylkesmannen har Jon Kristian Haugland og Ingunn Løvdal arbeidd med forvaltingsplanen.

Forvaltingsplanen for Hisdal naturreservat er godkjend av Fylkesmannen i Aust-Agder XX.XX.2013.

Arendal, XX.XX.2013



Jan Atle Knutsen

Miljøverndirektør

Framsidebilete: *Gardane i Hisdal. Foto: Gry Gasbjerg.*

SAMANDRAG

Hisdal naturreservat blei verna ved kongeleg resolusjon 19. desember 2008 med heimel i lov om naturvern (naturvernlova) av 19. juni 1970 (nr. 63). Naturreservatet blei oppretta for å ta vare på naturverdiar knytt til Setesdal Vesthei, særleg eit kalvingsområde for villrein og restar av kjempefuruskogar. Reservatet ligg i Setesdal Vesthei, i nedre del av Bykle kommune, på grensa mot Valle kommune, 5 – 10 km frå Bykle sentrum. Fylkesmannen i Aust-Agder er forvaltingsstyresmakt for reservatet.

Naturreservatet utgjer eit areal på 16 228 dekar. Delar av naturreservatet var tidlegare del av Steinsbuskardet – Hisdal biotopverneområde, eit viktig kalvingsområde for villrein. Denne grensa blei oppheva innanfor reservatet og er tatt vare på som grense for kalvingssone med eigne restriksjonar for ferdsel.

Hisdal naturreservat består i hovudsak av ein villmarksprega aust-vest-gåande fjelldal. Området er stort og variert, med mykje fjellbjørkeskog og innslag av særs mange spesielle kjempefuruer. Det er rikt på vilt. Dei to fjellgardane som ligg i austre del set sitt preg på området, med intakte tun med to hovudbygningar, ein driftsbygning i gamal stil og fleire mindre bygg. Gardane er omgjevne av frodige, opne beitemarker som inneheld fleire lokalitetar for solblom, men attgroinga av fjellbjørkeskog pregar området. Ei kraftline med ryddegate går gjennom dalen og nokre små stiar finst i området. Med unntak av kraftlina, gardane og kulturmarka, står reservatet i dag fram som svært lite påverka av menneske.

Det har vore tradisjonell drift med tidvis intensiv beiting i heile Hisdal frå gammalt av. I dag beiter det nokre sau i området, og området blir mest bruka til friluftsliv, jakt og fiske av grunneigarar og lokale og særleg interesserte som kjenner til området.

Forvaltingsmåla for Hisdal naturreservat er å ta vare på eit skog- og heiområde med kjempefuruskog som er karakteristisk for indre delar av Aust-Agder. Naudsynte kvalitetar for villreinkalving skal bli tatt vare på i området. Kulturmarka rundt gardane i Hisdal skal ikkje gro att, og kulturengfloraen skal bli tatt vare på og fremja. Ut frå forvaltingsmåla er det laga 6 ulike bevaringsmål, knytt til både kulturlandskapet, kalvingsområdet og kjempefuruskogen. Det er planlagt 7 ulike forvaltingstiltak, irekna mykje rydding av kulturlandskapet og kontrollert brenning av skog.

Oversikt over planlagde tiltak i perioden 2012 – 2021

Tabell 1: Oversikt over dei tiltaka som er planlagt gjennomført av forvaltingsstyresmakta i perioden som forvaltingsplanen skal gjelde for, 2014 - 2022. Tabellen viser òg når me meiner tiltaket kan bli gjennomført, kvar tiltaket skal bli sett inn, andre involverte aktørar og status for gjennomføring. Når tiltaket blir gjennomført, vil avhenge av årlege budsjett og løyvingar frå Miljødirektoratet.

Forkortingar i tabellen: FM står for Fylkesmannen i Aust-Agder, SNO står for Statens naturoppsyn og NR står for Hisdal naturreservat.

Nr	Når	Tiltak	Område	Tidsbehov	Aktør	Status
1	2012 - 2015	Rydding av bjørkeskog rundt gardane	Lia bak gardane og nedanfor veg aust for gardane	25 dagsverk (?)	Ekstern	Mykje rydding utført i 2012
2	2012	Reinsking av grøfter	Jorde aust for gardane og nedanfor veg mot elva	10 dagsverk	Ekstern	Må bli planlagt
3	Årleg	Beiting (sau)	Kultumarka	2 dagsverk /år	Ekstern.	Delvis avklart
4	Årleg	Slått og brenning	Kulturmarka	5 dagsverk /år	Grunneigar, FM, SNO, ev. ekstern aktør.	Må bli planlagt
5	Ein gong.	Brenning av bjørkeskog	Støyldalen	10 dagsverk	Grunneigar, FM, SNO	Kan bli planlagt
6	2012	Kartlegging av kalvingsområde for villrein	Heile NR, samt Ljosådalen	3 dagsverk/år	SNO	Må bli planlagt
7	2011	Oppsetting av informasjonsplakat	Ved inngangen til NR	1 dagsverk	FM, SNO	Utført

Langs Hisvasstjønni. Foto: Ingunn Løvdal.

Figur 1: Offisielt vernekart over Hisdal naturreservat på vernetidspunktet.



INNHALD

FORORD 2
SAMANDRAG 3
INNHALD 6
1 INNLEIING 8
1.1. Bakgrunn 8
1.2. Verneform 8
1.3. Forvaltingsplan 9
1.4. Omgrep 9
2 OMRÅDESKILDRING 12
2.1. Plassering 12
2.2. Geologi og landskap 12
2.3. Klima og vegetasjonstypar – tilstand og utvikling 13
2.4. Kulturlandskap 15
2.5 Skogstruktur og tilstand 16
3 BRUKARINTERESSER 18
3.1 Husdyrbeiting, skogbruk, jakt og fiske 18
3.2 Friluftsliv og ferdsel 18
3.3 Forsking og undervisning 18
4 FORVALTINGSMÅL OG BEVARINGSMÅL, TILTAK OG RETNINGSLINER 20
4.1. Forvaltingsmål og bevaringsmål 20
4.2. Forvaltingsoppgåver og tiltak 21
4.3. Retningsliner 27
5 FORVALTINGSSTYRESMAKT OG SAKSHANDSAMING 30
5.1. Sakshandsaming innanfor verneområdet 30
5.2 Tiltak etter forvaltingsplanen 30
5.3. Oppsyn 31
5.4. Økonomi 31
6 KJELDELISTE 31
7 VEDLEGG 31

Bjørkeskog på gamal kulturmark. Foto: Gry Gasbjerg.

Hisdal naturreservat er ein del av Setesdal Vesthei i Bykle kommune. Reservatet blei oppretta ved friviljug vern i 2008 for å ta vare på representativ skog- og hei i Setesdal med kalvingsområde for villrein. Denne forvaltingsplanen er eit verktøy for å sikre målretta forvalting av naturverdiene i området.

1 INNLEIING

1.1. Bakgrunn

Hisdal naturreservat blei verna ved kongeleg resolusjon 19. desember 2008 med heimel i lov om naturvern (naturvernlova) av 19. juni 1970 (nr. 63). Naturreservatet blei oppretta for å ta vare på naturverdiar knytt til Setesdal Vesthei, særleg eit kalvingsområde og kjempefuruskogar, slik det går fram i verneforskrifta.

Fovaltingsmål for Hisdal naturreservat:

(Jf. § 2 i "Forskrift om verneplan for skog. Vedlegg 1. Hisdal naturreservat, Bykle kommune, Aust-Agder".)

Føremålet med naturreservatet er både å sikre eit særs viktig kalvingsområde for villrein i Setesdal Vesthei og å ta vare på eit stort skog- og heiområde som er representativt for indre delar av Aust-Agder. Ein høg konsentrasjon av gamle, grove furutre i området representerer restar av « kjempe-furuskogar» frå fortida, som er særs viktige for å ta vare på artsmangfaldet knytt til gamle furuskogar.

1.2. Verneform

Hisdal er eit naturreservat. Naturreservat er den strengaste form for områdevern i Noreg. Eit naturreservat kan bli totalfreda mot all verksemd, tiltak og ferdsel, eller bli verna for særskilde føremål. Naturreservat omfattar ofte område som inneheld truga, sjeldan eller sårbar natur. Naturreservat kan òg bli oppretta for å verne område som representerer ein særskild type natur eller ein spesiell geologisk førekomst, samt område som har særleg betyding for biologisk mangfald, eller har særskilt naturvitskapeleg verd.

Dersom grunneigar får innskrenka råderetten som fylgje av vern, kan vedkomande få erstatning på vernetidspunktet jf. §§ 50 og 51 i naturmangfaldlova (nml). Vanleg skogsdrift vil vera forbode i eit naturreservat. Det vil vanlegvis vera eit generelt

forbod mot hogst og fjerning av daude tre, men det blir ofte opna for avgrensa uttak av ved etter nærare retningsliner for bruk i området der det er relevant. Skjøtsel i verneområde kan bli fastsett av forvaltingsstyresmakta jf. § 47 i nml.

1.3. Forvaltingsplan

Ein forvaltingsplan vil vera eit praktisk hjelpemiddel for å oppretthalde og fremja føremålet med vernet og gjeva ei samla oversikt over alle aktuelle tiltak i området. Planen skal sikre ei heilskapleg forvalting av verneområdet ved å gjeva konkrete retningsliner om bruk, informasjon, skjøtsel og eventuell tilrettelegging mv.

Forskrift om verneplan for skog. Vedlegg 1. Hisdal naturreservat, Bykle kommune, Aust-Agder, § 7:

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta fastset, kan gjennomføre skjøtselstiltak for å fremja føremålet med fredinga. Det skal bli utarbeidd forvaltingsplan eller avtale som kan innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtsel eller anna tiltak.

Forvaltingsplanen retter seg mot forvaltingsstyresmaktene, oppsynsstyresmaktene, grunneigarar og andre brukarar av verneområda. Forvaltingsplanar blir vanlegvis rullert etter 10 år eller ved behov.

Forvaltingsansvar for Hisdal naturreservat er tillagt Fylkesmannen i Aust-Agder.

Viktigaste føremål med ein forvaltingsplan:

- Presisere og utdjupe verneforskrifta, både verneføremål og enkeltvedtak.
- Dokumentere tilstand for naturkvalitetar, kulturmiljø inkl. kulturlandskap, kulturminne og brukarinteresser.
- Definere forvaltingsmål og bevaringsmål.
- Definere naudsynte og/eller ønskjelege tiltak.
- Gjeva ei oversikt over oppgåver med ansvarsfordeling og styresmakt.
- Gjeva retningsliner for bruk av området.
- Gjeva rutinar for handsaming av saker etter verneforskrifta.

1.4. Omgrep

Auka bruk av verneområde generelt har skapt behov for meir målstyrd forvalting. Det er difor innført nye omgrep som ”forvaltingsmål, bevaringsmål og naturtilstand” i DN-handbok 17-2008. Ved revisjon av forvaltingshandboka, blei det òg lagt vekt på at det skal vera tydelegare kva som er tillate og ikkje i eit verneområde.

Desse definisjonane av dei nye omgrepa er lagt til grunn i denne forvaltingsplanen:

Fovaltingsmål:

Forvaltingsmål er eit samleomgrep for alle målsettingar knytt til eit verneområde. Dette kan til dømes vera verdiar/kvalitetar knytt til areal, biologisk mangfald og naturtypar, eller interesser knytt til friluftsliv, brukarinteresser og næringsinteresser.

Naturkvalitet:

Naturkvalitet er naturtypar, artar, geologi og landskap som skal bli tatt vare på i eit verneområde. Eit verneområde kan ha ein eller fleire naturkvalitetar som det er viktig å ta vare på. Naturkvalitetane går gjerne direkte fram av det overordna verneføremålet. I tillegg kan det vera naudsynt å definere naturkvalitetar ut over verneføremålet. Dette vil vera aktuelt i verneområde der verneføremåla er for generelle og for vage med tanke på naturkvalitetane. Ny kunnskap om f.eks. biologisk mangfald, kan òg ha kome til etter at vernet blei etablert og verneføremålet formulert.

Bevaringsmål:

Bevaringsmål er ei presisering av forvaltingsmål knytt til naturkvalitetar, og definerer den tilstanden me ønskjer at ein naturkvalitet i verneområdet skal ha. Bevaringsmål skal vera målbare. Det vil seia at dei skal bli gjort presise gjennom mål for areal, naudsynte strukturar/prosesser og/eller førekomst av særskilde artar osb.

Under blir det gjeve forklaringar på nokre andre omgrep som mellom anna blir nytta i forvaltingsplanen:

Naturreservat og privat eigedomsrett:

Dette er areal som er verna etter naturmangfaldlova. Vernet medfører ikkje at det offentlege overtar eigedomsretten som fylgje av vernet. I samsvar med forskrifta for naturreservatet, medfører vernet likevel visse avgrensingar av den private eigar sin råderett over eigen eigedom.

Kulturlandskap:

Dette er område som i vesentleg grad er prega og forma av menneskeleg bruk og verksemd. Det er likevel ikkje slik at eit kvart område som har spor etter menneskeleg bruk er å oppfatte som kulturlandskap. Det blir poengtert at overgangane mellom natur- og kulturlandskap er glidande. Uttrykket naturnære kulturlandskap er areal som skal vera prega av ekstensive driftsformer som beiting og slått (Nordisk ministerråd, 1987).

Raudliste:

Ei oversikt over utdøydde artar, truga artar og artar som i nær framtid kan bli truga. Raudlista graderer faren for utdøying av artar over ein periode på 100 år i fem kategoriar: Kritisk truga (CR), Sterkt truga (EN), Sårbar (VU), Nær truga (NT) og Datamangel (DD) (Artsdatabanken).

Lov om forvalting av naturens mangfald (Naturmangfaldlova) § 3 har desse definisjonane av viktige omgrep:

- **Art:** Etter biologiske kriterium særskilde grupper av levande organismar.
- **Bestand:** Ei gruppe individ av same art som lever innanfor eit avgrensa område til same tid.
- **Biologisk mangfald:** Mangfaldet av økosystem, artar og genetiske variasjonar innanfor artane, og dei økologiske samanhengane mellom desse komponentane.
- **Naturmangfald:** Biologisk mangfald, landskapsmessig mangfald og geologisk mangfald, som ikkje i det alt vesentlege er eit resultat av menneske si påverking.
- **Naturtype:** Einsarta type natur som omfattar alle levande organismar og dei miljøfaktorane som verkar der, eller spesielle typar naturførekomstar, som dammar, åkerholmar eller liknande, samt spesielle typar geologiske førekomstar.
- **Økosystem:** Eit meir eller mindre vel avgrensa og einsarta natursystem, der samfunn av planter, dyr, sopp og mikroorganismar fungerer i samspel seg i mellom og med det ikkje-levande miljøet.

Gamal kulturmark ved Hisdalsfjellet. Foto: Gry Gasbjerg.

Hisdal naturreservat består av ein villmarksprega aust-vest-gåande fjelldal. Området er stort og variert, med mykje fjellbjørkeskog og innslag av særs mange spesielle kjempefuruer. Det er rikt på vilt, og dei to fjellgardane som ligg i austre del, set sitt preg på området med frodige, opne beitemarker rundt.

2 OMRÅDESKILDRING

2.1. Plassering

Hisdal naturreservat ligg i Setesdal Vesthei, i nedre del av Bykle kommune, på grensa mot Valle kommune, 5 – 10 km frå Bykle sentrum. Avgrensinga av reservatet frå sørvest til aust fylgjer kommunegrensa. Elles fylgjer reservatgrensa eigedomsgrensene (gnr./bnr.: 20/2, 20/3, og 20/4). Hisvatnet er inkludert i naturreservatet ved at reservatgrensa er trekt på nordsida av vatnet. Under Hisdalsfjellet ligg to fjellgardar med tilknytt innmark som utgjer eit kulturlandskap. Offisielt vernekart som syner avgrensinga av naturreservatet på vernetidspunktet er vist i figur 1. I etterkant er det gjennomført grensemerking av naturreservatet av Aust-Agder Jordskifterett, og det ligg føre ein jordskiftedom der nye grenser ikkje er samsvarande med gjeldande vernekart. Det vil bli sett nærare på ei eventuell endring av verneforskrift og vernekart, men dette rører ikkje ved denne forvaltingsplanen.

Naturreservatet utgjer eit areal på 16 228 dekar. Delar av naturreservatet inngjekk tidlegare i Steinsbuskardet – Hisdal biotopverneområde, eit viktig kalvingsområde for villrein, men denne grensa blei oppheva innanfor reservatet. Grensa er tatt vare på som grense for kalvingssone, med eigne ferdselsrestriksjonar som samsvarer med føresegnene for sone B i Steinsbuskardet-Hisdal biotopverneområde.

I Naturbase har Hisdal naturreservat identitetsnummer: VV00002666

2.2. Geologi og landskap

Geologi

Berggrunnen består av granitt og granittisk gneis i aust, og av banda, slira biotittrik gneis/migmatitt med grunnmasse av biotittgneis og amfibolitt i vestre del. Lausmassedekket består av morene i dalbotnen; mest tynn morene, men tjukkare i Støyldalen og ved Hisdal (gardane). På fjellet finst òg parti med mykje morene (opp mot Voilenuten, skardet frå Støyldalen NØ-over opp mellom Gausen og Nausen). Under Hisdalsfjellet er det eit belte med skredjord. Ut over dette er det bart fjell og tynt dekke av lausmasser. Torv og myr førekjem spreidd, mest utprega ved Støylsløkjen.

Landskap og topografi

Området består av ein aust-vest-gåande fjelldal, Hisdal, med tilknytt heiområde. Området drenerer austover, til Otra. I ytre delar er dalen ganske vid, medan han raskt smalnar inn vestover; fyrst inn til Støyldalen og etter det gjennom det dramatiske Hisvassjuvet, før han blir vidare att ut ved Hisvatnet lengst vest i reservatet. På sørsida hevar terrenget seg markert frå dalbotnen, og går over i eit "platå" som inneheld heiområde med skog, myrer og vatn. Sør for desse heiene hevar terrenget seg opp att, til eit større fjellområde som markerer skiljet mellom Hisdal og Ljosådalen. På nordsida av naturreservatet er skogen konsentrert i Støyldalen, sentralt plassert på nordsida av vassdraget (vest for gardane). Terrenget både aust og vest for dette består av bratte skogslier og trelause skrentar som reiser seg brått og dramatisk opp til alpin sone. Landskapet er typisk for regionen, med markerte nutar, større og mindre sprekkedalar, men òg vide heiområde med myrer og vatn.

2.3. Klima og vegetasjonstypar – tilstand og utvikling

Klima

Hisdal naturreservat ligg i Setesdal Vesthei, eit fjellområde djupt inne i Aust-Agder (ca. 13 mil frå kysten til Hisdal). Vintrane er prega av mykje snø som ligg lenge utover våren, spesielt i dei nordvende dalsidene. Normaltemperaturen varierer frå – 10 ℃ om vinteren til 11 ℃ om sommaren. Store delar av naturreservatet er sterkt utsett for vind, både oppover mot toppane og nede i dalen.

Naturgeografisk høyrer naturreservatet til den nordlege bar – og bjørkeskogsona - nordboreal sone (den øvste av dei skogkledde vegetasjonssonene), i klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

Vegetasjon, flora

Området er stort og variert, men sterkt dominert av fattige vegetasjonstypar. I furuskog er røsslyng-blokkebærfuruskog vanlegaste vegetasjonstype, men knausskog er òg utbreidd. Noko "furuskog" (som i dag er dominert av bjørk) i Støyldalen ligg på betre bonitet. Store areal med blåbærbjørkeskog finst i området. I brattare lisider under skrentar og fjellknausar, samt i Støyldalen, er bjørkeskogen av ein rikare type, med til dels høgt innslag av låge urter og bregnar. Dei rikaste skogtypane finst oppunder Hisdalsfjellet, der blåbærskogen i det nedste avsnittet av lia (mot gardane) gradvis blir erstatta av sigevasspåverka, rikare vegetasjon på skredjord. Her inneheld feltsjiktet artar som raud jonsokblom, markjordbær, blåklokke, hundekveke, myskegras, skogsvinerot, hengeaks, skogstjerneblom, trollbær, skogfiol, kvitbladtistel, kransmynte og bleikstorr. Vegetasjonstypane her er ei blanding av rikare høgstaudeskog og lågurtskog (gjeld tørre område). Tresjiktet er meir variert enn i dei store bjørkeskogsliene i området. Andre liknande rike parti finst nord og aust i Dipleåsen, i skrenten vest for Hisdalsfjellet og i den sørvende skrenten (nedste delen) mot Hisvassjuvet. I overrisla berg under stupa i Hisdalsfjellet finst litt rikare bergsprekk-/bergflatevegetasjon og bergknaus- /bergflatevegetasjon, med flekkgriseøyre, kattefot, taggbregne og store mengder kvit bergfrue og rosenrot. Det er ikkje avdekt førekomstar av artsrik fjellvegetasjon. Fattige sumpskogstypar av furumyrskog finst som smale band i mange myrkantar.

Myrene er i hovudsak fattig fastmattemyr, med artar som kvitlyng, torvull og duskull. Enkelte intermediære og rike parti, med mellom anna litt gulstorr, finst i bekkekantar.

Samla sett må floraen i området seiast å vera typisk for høgtliggande skogar i denne regionen, altså ganske artsfattig.

Treslag

Bjørk er det vanlegaste treslaget i området, og dannar reine bestand og blandingsbestand med andre lauvtreslag, samt furu. Furu er dominerande på heiområda sør for Hisdal (oppe på heiene, over "brekken" – dei lågastliggande lisidene er bjørkedominerte), og elles i lokale holt. Av andre naturleg førekomande treslag, er osp og rogn vanleg i alle rikare lauvskogslier, særleg under Hisdalsfjellet. Selje og hegg er meir sjeldne, men finst òg i rike lauvskogar. Einer er vanleg i heile området. Litt gran er planta inn for å ta av for vind på vestsida av gardane. Elles finst nokre få grantre spreidd i liene, truleg som resultat av frøspreiing ut frå plantefelt. Det er m.a.o. ingenting som tyder på at grana har spreidd seg naturleg inn i området.

Karplanter

Sjølv om det meste av området er karplantefloristisk trivielt og fattig, finst små parti med ganske rik bjørkeskog. Skredjord/sørbergelementet er ikkje godt utvikla i området. Éi raudlista karplante, solblom *Arnica montana* (raudlistestatus VU – sårbar), er funne på fleire plassar i det gamle kulturlandskapet. Solblom er knytt til slåtteeng, naturbeitemark og hagemarkskog og har gått sterkt attende i Noreg som fylgje av opphør av beite og utslått (Artsdatabanken). Dei største biologisk mangfald-verdiane finst nok i "rest-furuskogane" som har ein stor førekomst av spesielt gamle furuer og element knytt til gamal furuskog.

Sopp

Det er gjort mange innsamlingar av råtevedsopp på furu. Fleire interessante artar er funne, irekna fire raudlisteartar. Raudlistearten brun kvitkjuke (NT) er berre funnen to gonger tidlegare i Aust-Agder. Raudlistearten *Skeletocutis lenis* (NT) er ein god signalart for biologisk verdfulle skogsmiljø, medan hornskinn *Phlebia cornea* (NT) ikkje tidlegare er funne i Aust-Agder. Signalartane piggbroddsopp *Asterodon ferruginosus*, hengepigg *Mucronella calva/flava* og furustokk-kjuke *Phellinus pini* blei òg funne på furu i området. Av meir alminnelege råtevedsopp på furu kan nemnast tanna fiolkjuke *Trichaptum fuscoviolaceum* og rutetømmersopp *Antrodia xantha.* I eit nasjonalt perspektiv er ikkje floraen av vedbuande furusopp svært godt utvikla i Hisdal, men i eit regionalt perspektiv peikar området seg ut som rikt og verdfullt. Vidare undersøkingar kan dessutan avdekkje andre kravfulle artar.

Vilt

Hisdal er ein viktig del av leveområdet for Noregs og Europas sørlegaste villreinstamme – det store villreinområdet "Setesdal Ryfylke". Dette området inneheld "opphavleg villrein", sjølv om reinen i Setesdal Austhei har noko genetisk innblanding frå tamreinen, og er eit viktig kalvingsområde. Noreg har eit internasjonalt ansvar for å ta vare på dei siste villreinstammene, og seinare års tilrådingar i villreinforvaltinga fokuserer mellom anna sterkt på arealforvaltinga i villreinfjella våre.

Av hønsefugl finst lirype og orrfugl, kanskje òg storfugl. Området er truleg eit viktig "produksjonsterreng" for lirype. Det er ikkje kjende reirplassar for raudlistearten kongeørn (NT) innanfor reservatet, men heile arealet inngår truleg i territoriet for eit kongeørnpar. Alt i alt er området etter alt å døme nokså rikt på vilt.

2.4. Kulturlandskap

Dei to gardane på Hisdal var i tradisjonell drift fram til byrjinga av 1950-åra, og beitepresset frå kyr, sauer, geiter og hestar i innmarksområdet rundt gardane var høgt. I fylgje grunneigar, viser maleri av Hisdal frå tidleg på 1900-talet at dagens lauvskogslier bestod av snautt beitelandskap. Dette stadfestar inntrykket av at kulturpåverking i dalføret i sterk grad har forma skogen.

Rundt gardsbruka finst store, opne kulturmarker på hovudvollane ved husa, men òg mindre opne beitebakkar aust og vest for husa. Botanisk er området prega av "forfall" som fylgje av stadig mindre (no låg) beiteintensitet over ein lang periode. Dei seinare åra har det berre vore nokre få sauebesetningar som har beita i området, og i dag beites området av ein lokal sauebesetning (omkring 40 dyr). Noko elg og rein streifbeiter i kulturlandskapet. Den tydelege kulturbruken blir spegla i vegetasjonen og skogstrukturen i området. Dei bjørkedominerte liene, særleg dei rike liene i Støyldalen, inneheld ofte eit ganske blomsterrikt feltsjikt som truleg er resultat av tidlegare beiteaktivitet.

På oppdrag frå Fylkesmannen er det gjort ei kartlegging av kulturmarka, og utarbeidd ein skjøtselsplan for områda rundt gardane i Hisdal naturreservat, sjå figur 2. Planen legg grunnlag for gjennomført og planlagt skjøtsel. Under registreringa blei det funne to verdfulle biomangfaldlokalitetar i området; A. Blåtoppeng med solblom og B. Tørrbakkeeng med flekkgriseøyre. Andre vegetasjonstypar som er omtala i kulturlandskapet er; 1. Sølvbunkeeng, 2. Engkvein-blåklokke-seterfrytle-eng, 3. Blåbærfjellbjørkeskog, 4. Fattigmyr, 5. Ur/blokkmark, 6. Fuktig eng / fattig myr, 7. Finnskjegg-eng og 8. Blåtopp-eng (Svalheim, 2008). Generelt er naturengfloraen bare svakt utvikla, og ikkje særleg artsrik. Store bestand av sølvbunke vitnar om dårleg hevd, der naturengflora frå tidlegare tider er erstatta av artsfattig vegetasjon.



Figur 2: Flybilete viser verdfulle biomangfaldlokalitetar (raud strek). Nummereringa elles viser til ulike vegetasjonstypar innan området; 1. Sølvbunkeeng, 2. Engkvein-blåklokke-seterfrytle-eng, 3. Blåbærfjellbjørkeskog, 4. Fattigmyr, 5. Ur/blokkmark, 6. Fuktig eng / fattig myr, 7. Finnskjegg-eng og 8. Blåtopp-eng. Dei avgrensa lokalitetane er A. Blåtoppeng med solblom og B. Tørrbakkeeng med flekkgriseøyre. Kartet er henta frå vedlegg 2.

Tekniske inngrep

Ei kraftline går gjennom dalen, og i samband med denne er det ei ryddegate. Det finst eit intakt tun med to hovudbygg, ein driftsbygning i gamal stil og fleire mindre bygg. Ut over dette er det ei jakthytte opp mot Voilenuten, og setra «Flottebu» ligg òg innanfor verneområdet. Nokre små stiar finst i området. Med unntak av bygga og den opne kulturmarka ved desse, står området i dag fram som svært lite påverka av menneske.

2.5 Skogstruktur og tilstand

Sjablongmesseg kan ein seia at området består av tre element; (i) Tette lauvskoglier med nesten total bjørkedominans (Dipleåsen, nederste del av Hisdalsliene, delar av Støyldalen), (ii) heier med glissen, furudominert skog (Hestekvæven – Storetjønnheii) og (iii) bestand med bjørk i lågare tresjikt og spreidd med ekstremt grove, ofte høgvaksne furuer (holtvis eller som enkelteksemplar, gjeld særleg sentralt i Støyldalen). Type nr. (ii) representerer ein furuskogstype som ikkje er uvanleg i lågproduktive heiområde i Agder. Type nr. (iii) representerer ein sjeldan rest av "kjempefuruskogar" på god bonitet. Dette har tradisjonelt vore ein skog prega av urskogsdynamikk og skogbrann, medan skogbiletet i dag er prega av sterk bjørkeforynging.

For å forstå dagens skogbilete i Hisdal, må ein trekkje inn betydinga av kulturpåverking. Utan menneskeleg påverking, er det sannsynleg at sjølv dei mest produktive områda i Hisdal hadde vore dominert av furu, og at for eksempel Støyldalen ville bestått av høgreist og grovvaksen furuskog. Kulturpåverkinga i dei rikare skogtypane har vore sterk, med omfattande beitepress og virkeuttak til lokal bruk (eventuelt kan noko tømmer òg ha blitt fløytt ut av området). Samstundes har brannfrekvensen truleg gått ned, i alle fall i seinare tiår. Ein kombinasjon av sterkt sauebeite på furuforynginga, sterk frøspreiing frå bjørka, regenerering av bjørk frå stubbeskot/rotskot og færre skogbrannar (som gjev furua forverra spiringskår), har favorisert bjørkeforynging. Då beitepresset blei mindre, må dette ha ført til at ein tett bjørkeskog raskt har etablert seg i det gamle furuskogsterrenget. Per 2006 har den potensielt mest verdfulle furuskogen i området difor eit kraftig "rest-preg". I området er det likevel ein høg konsentrasjon av gamle, grove furuer. Truleg har fleire hundre tre alder over 200 år. I tilknyting til Støyldalen (kjerneområde 4) samt i kjerneområde 3 og spreidd elles i området, finst det ein del særleg sjeldne furuer, som har brysthøgdediameter i intervallet 70-120 cm, og der krone/barkstruktur vitnar om særs høg alder. Til saman finst kanskje så mykje som 50-100 slike kjemper i området. I tillegg finst ei rekkje tilsvarande grove gaddar og spreidd førekomst av læger av kjempedimensjonar (i alle råtefasar). Svært mange av desse elementa har spor etter brann. Furuskogen sør for gardane i Hisdal ("heiskogen") har òg ein stor førekomst av svært gamle furuer, særleg i kjerneområde 1. Men her er både dimensjonar og trehøgder mindre, og det finst ikkje så mykje daudt trevirke som i kjerneområde nr. 4. Furuskogen i Storetjønnheii (aust for kjerneområde 1) og i dalsenkinga aust for Dipleåsen er kraftigare påverka av gamle hogstar, og med færre svært gamle tre enn i dei nemnde delområda.

Det er ikkje ny skogbrukspåverking i området, bortsett frå i ryddingsgata under høgspentlina og spreidd uttak av ved nær husa. Det blei fyrst bygd veg inn til Hisdal på 1970-talet. Ei lita sag sto i ein sidebekk til hovudvassdraget.

Lauvskogen i området er vesentleg ganske samvaksen. Lauvtre når sjeldan over brysthøgdediameter på 35 cm. Lauvskogen viser spreidde innslag av daudt trevirke, men har ikkje nemneverdig naturskogspreg. Nokre stader finst ospeholt med ganske mykje daud ved, for eksempel aust på Dipleåsen og under Hisdalsfjellet.

Daud ved i Hisdal naturreservat. Foto: Ingunn Løvdal

Det har vore tradisjonell drift med tidvis intensiv beiting i heile Hisdal frå gammalt av. I dag beiter det nokre sau i området, og området blir fyrst og fremst bruka til friluftsliv, jakt og fiske av lokale og spesielt interesserte som kjenner til området.

3 BRUKARINTERESSER

3.1 Husdyrbeiting, skogbruk, jakt og fiske

Dei to gardane i Hisdal var i tradisjonell drift fram til tidleg i 1950-åra. Då var det både kyr, geiter, sauer og hest på dei to bruka. Produksjonen på garden var retta mot geitost. Sidan drifta slutta, har det berre blitt beita av sauer som blir slopne kvar vår. I dag er det ein lokal gardbrukar som har sauene sine (om lag 40) i Hisdal på beite. Gardbrukaren er innstilt på å fortsetja med sauehald og å ha besetninga i Hisdal ut planperioden (2014 - 2022).

Grunneigarar jakter rype i naturreservatet, og nyttar seg av ei jakthytte som ligg på veg opp mot Voilenuten.

Grunneigarar fisker med garn og fiskestong i Hisdalstjønni og Hisvatnet. Ved Hisvatnet ligg det òg ein båt som blei flogen inn i 2009 for å bli nytta ved trekking av garn. Avstanden inn til Hisvatn gjer at fisket hovudsakleg føregår i Hisdalstjønni.

3.2 Friluftsliv og ferdsel

Naturreservatet er eit flott mål for friluftsliv året rundt. Det er likevel litt uklart kor stor pågangen er i området, men etter alt å døme er området å sjå på som lite bruka samanlikna med andre delar av Setesdalsheiane. Området har fine stiar, og ei hengjebru gjer det enkelt å krysse elva vest for Hisdalstjønni. Det er ikkje grunn til å tru at friluftsliv bidrar til nemneverdig slitasje i området.

Det er lagt restriksjonar på ferdsel innanfor naturreservatet. Føresegner og unntak kjem fram i verneforskrifta. Generelt er det venta at folk nyttar seg av stiar slik at ferdsel blir kanalisert.

3.3 Forsking og undervisning

Fylkesmannen er ikkje kjend med interesser for forsking eller undervisning i området, men det er mogleg at den naturvitskaplege interessa vil auke etter kvart som det blir sett i gang tiltak retta mot kulturlandskapet og furuforynging, samt kartlegging av kalvingsområde for villrein (sjå tabell 1).

Ryddehaug og kulturmark. Foto: Gry Gasbjerg

Forvaltingsmåla for Hisdal naturreservat er å ta vare på eit skog- og heiområde med kjempe-furuskog som er karakteristisk for indre delar av Aust-Agder. Naudsynte kvalitetar for villreinkalving skal bli tatt vare på i området. Kulturmarka rundt gardane i Hisdal skal ikkje gro att, og kulturengfloraen skal bli tatt vare på og fremja. Det er planlagt sju ulike forvaltingstiltak.

4 FORVALTINGSMÅL OG BEVARINGSMÅL, TILTAK OG RETNINGSLINER

Forvaltingsplanen skal vera ein reiskap for å sikre naturkvalitetane i området ut frå overordna forvaltingsmål og konkretiserte bevaringsmål.

Dette kapittelet omfattar vurderingar av behov for skjøtselstiltak og andre tiltak i perioden 2012 -2021. All bruk og skjøtsel skal bli planlagt og gjennomført som ein del av arbeidet mot å nå bevaringsmåla. Alle tiltaka er viste i ei oversikt fremst i rapporten (tabell 1).

4.1. Forvaltingsmål og bevaringsmål

Ei forvalting basert på bevaringsmål, tilstandsvurdering av naturkvalitetane og overvaking skal gjeva ei betre kvalitetssikring av kva for tiltak som blir prioritert. I det ligg det òg å skaffe seg grunnlag for å dokumentere effekten av gjennomførte tiltak. Dette er avgjerande for vurdering av behov for vidare tiltak.

Forvaltingsmål for Hisdal naturreservat

Ta vare på eit skog- og heiområde med kjempefuruskog som er karakteristisk for indre delar av Aust-Agder. Naudsynte kvalitetar for villreinkalving skal bli tatt vare på i området. Kulturmarka rundt gardane i Hisdal skal ikkje gro att, og kulturengfloraen skal bli tatt vare på og fremja.

Tabell 2: Bevaringsmål for Hisdal naturreservat

Naturkvalitet	Bevaringsmål	Trugsmål	Tilstand	Tiltak nr.
Kultureng/-landskap	Arealet av kultureng rundt gardane på Hisdal skal auke.	Attgroing	Middels (varierande)	1, 2, 3 og 4
Solblom	Talet på individa og lokalitetar for solblom skal auke.			
Kalvingsområde for villrein	Sikre at dei mest bruka kalvingsområda for villrein alltid har naudsynt vern mot ferdsel	Ferdsel	God	5
Gamal furuskog	Gamle furutre skal bli tatt vare på. Furuforynging skal bli fremja.	Attgroing av bjørkeskog, aukande humusdekke	Dårleg. Fjellbjørkeskogen breier seg i den gamle furuskogen. Humusdekket aukar og gjer det stadig meir vanskeleg for furu å forynge seg	4
Skog- og heiområde	Områda utanfor kulturmarka skal i størst mogleg grad stå fram som eit villmarksområde	Ferdsel	God	Ingen

4.2. Forvaltingsoppgåver og tiltak

Dei ulike tiltaka som det blir greia ut for i dette kapittelet er knytt til bevaringsmål i kapittel 4.1. I nokre tilfelle har det lite for seg å knyte tiltaket opp mot eit målbart bevaringsmål. Då blir tiltaket omtala i meir generelle former.

Tiltak 1: Rydding av fjellbjørkeskog rundt gardane

Nr	Når	Tiltak	Område	Tidsbehov	Aktør	Status
1	2012 - 2015	Rydding av fjellbjørkeskog rundt gardane	Lia bak gardane og nedanfor veg aust for gardane, sjå figur 3	25 dagsverk	FM SNO Grunneigar	Mykje rydding gjennomført i 2012. Oppfylging er naudsynt

Lokalisering: Prioritert skjøtselssone, sjå figur 3

Skildring: Bak gardane har bjørkeskogen trekt seg langt ned mot gardane. På 10 x 10 meter er det i 2011 talt opp mot 30 - 40 tre. Heile området rundt gardane (sjå figur 3) har opphavleg vore kulturmark. Dette er tydeleg i form av haugar av stein, gjerde og oppbygde nivå, samt restar av grøfter som er plastra med stein. Nokre lommer i bjørkeskogen har framleis restar etter kulturengflora. Det er på sikt ønskjeleg å rydde heile den gamle innmarka for bjørkeskog, men ei eventuell etappevis rydding skal bli gjort etter figur 3. Det er eit mål at alt areal som blir opna opp skal bli halde ope på lang sikt. Den enklaste metoden for dette er bruk av beitedyr. På grunn av det kjølege fjellklimaet er likevel veksten liten, noko som inneber behov for mindre innsats for å halde areala opne enn i låglandet. Det er per 2013 ein lokal besetning på om lag 40 sauer som blir slopne på beite i Hisdal. Signala frå saueeigaren er at beitinga vil halde fram med om lag same sauetal i området ut planperioden (sjå tiltak 3). I løpet av planperioden må det bli gjort ei evaluering av om dette beitetrykket er tilstrekkeleg for å halde dei rydda areala opne på lang sikt. Dersom det er behov for meir innsats, vil manuell rydding eller høgare beitetrykk bli vurdert som aktuelle tiltak. Daudgraset i rydda område bør bli brent om våren etter hogsten for å få best mogleg beite, sjå tiltak 4.

Grana vist i figur 3 er planta for å skjerme gardane mot vind, og har i fylgje grunneigarane ein viktig funksjon som vindskjerm både for bygningar og folk som oppheld seg på gardane. Grana skal difor ikkje bli tatt ut, men fortsetja å stå ut si levetid. Det kan på sikt bli tatt opp til vurdering om skjermen etter kvart skal bli fornya.

Områda som er aktuelle for skjøtselstiltak dekkjer totalt eit areal på 28,31 dekar, der 2,10 dekar utgjør den planta grana. Dei prioriterte områda utgjør eit samla areal på 8,28 dekar, jf. tabell 3.

Praktiske føringar for gjennomføring av tiltak:

- Tømmeret må bli tatt ut av naturreservatet, då det er snakk om ganske store mengder. Kvist bør bli samla og brent på eigna plassar. Eigna plass for oppsamling og lessing er på nedsida av bommen på veg opp mot Hisdal.

- Ein må bruke traktor med tilhengar i transporten av trea ut av området på grunn av tilgangen til området, og desse bør køyre minst mogleg utanfor vegen oppe på Hisdal for å unngå skader på vegetasjon. Lettare køyretøy (til dømes ATV eller lassberar) kan bli bruka til å trekkje trea bort til hengaren.

- Stubbar skal bli kappa så nære bakken som mogleg, anten i hogsten eller ved etterrydding. For å unngå renning (rotskot) og få raskare rotning, kan ein splitte barken frå veden med eit spett og stappe jord imellom. Dette er svært tidkrevjande, og er ikkje påtenkt eventuelle entreprenørar, men kan gjennomførast av grunneigar dersom grunneigar ønskjer det.

- Skot som ikkje blir beita påfølgjande år, må bli fjerna manuelt. Det er ønskjeleg å unngå bruk av plantevernmidlar, men målretta pensling av bjørkestubbar kan bli vurdert om det viser seg naudsynt.

Kostnad:

Tiltaket er spesielt og kostnaden er difor vanskeleg å fastsetja på førehand. Det er ikkje urimeleg å sjå for seg ein kostnad opp mot 2 000 kroner pr. dekar etter frådrag for tømmeret. Total kostnad for forvaltingsstyresmakta på heile arealet (omkring 26 daa) blir rekna til kr. 52000,- + rydding. Totalt overslag blir då om lag kr. 75000,-.

Figur 3: Temakart for kulturmark, med prioriterte skjøtselssoner.



Tabell 3: Areal av ulike område som er knytt til skjøtselstiltak i figur 3.

Områdenr.	**Skogtype**	**Areal (dekar)**
1	Bjørkeskog	1,75
2	Bjørkeskog	0,42
3	Bjørkeskog	0,65
4	Bjørkeskog	2,88
5	Bjørkeskog	0,29
6	Granfelt	2,10
7 **7A**	Bjørkeskog	5,50 **1,45**
8 **8A**	Bjørkeskog	9,12 **4,86**
9	Bjørkeskog	**0,65**
10	Bjørkeskog	1,59
11	Bjørkeskog	1,72
12	Bjørkeskog	0,32
13	Bjørkeskog	**1,32**
Totalt		**28,31**
Totalt	**Bjørkeskog**	**26,22**
Totalt fyrste prioritet	**Bjørkeskog**	**8,28**

Tiltak 2: Opning av grøfter

Nr	Når	Tiltak	Område	Tidsbehov	Aktør	Status
2	2012 Sommar.	Opning av grøfter.	Jorde aust for gardane og nedanfor veg mot elva.	10 dagsverk.	Ekstern.	Må bli planlagt.

Lokalisering: Vist på figur 3 med blå strek. I tillegg må eit område bli vurdert drenert ovanfor veg i skjøtselssone 8 (vurdering ved synfaring). Det må bli etablert utløp for dei opna grøftene til elv/tjern.

Skildring: Aust for gardane, i hovudsak på nedsida av vegen, er det grøfter som har hatt som mål å drenere kulturmarka som er utsett for betydeleg mengder vatn frå det bakanforliggande fjellet. Store delar av grøftene (figur 3) har med tida blitt tetta att. Dette har ført til at enkelte område har fått meir preg av myr/sump. I ein del område har grøftene nærast forsvunne og vatnet sig opp av jorda og dannar overflatevatn ved mykje nedbør. Kulturengplanter, som solblom, toler dette dårleg. Dei gamle grøftene bør difor bli grave opp for å drenere bort vatnet. Behov for ekstra grøfter kan bli vurdert som del av evaluering etter fyrste grøftereinsking. Den totale lengda av grøfter som skal bli grave opp att, utgjer om lag 600 meter.

Praktiske føringar for gjennomføring av tiltak:

- Grøftinga må skje etter snøsmelting og når det er lite nedbør, men ikkje i hekkesesongen. August eller september er passande tidsrom.

- For å unngå store skader på vegetasjon og at ein set seg fast i dei fuktige områda, skal det bli nytta beltegåande "minigravar".

- Grøftene skal vera djupare enn 80 cm.

- Massane som blir tatt opp, blir spreidde ut over sideareala til grøfta, med tilstrekkeleg avstand til at massen ikkje fell attende i grøftene. Massane skal ikkje liggje i større haugar eller som små «eskere» i terrenget etter fullført graving.

- Vest-austgåande grøft må bli opna opp mot elv/tjern. Grøftene nærast elva bør bli reinska opp manuelt, då desse områda er veldig blaute.

Kostnad:

Med ei framdrift på dryge 60 meter om dagen, vil ein kunne gjennomføre tiltaket på 10 dagsverk. Med ein kostnad for mann og maskinleige på om lag 800 kr/time * 8 timer/dag* = 6400,-. * 10 dagar = 64000,- kr, vil heile tiltaket kome på kr 64 000,-.

Tiltak 3: Beiting

Nr	Når	Tiltak	Område	Tidsbehov for arbeidsinnsats	Aktør	Status
3	Årleg	Beiting (sau)	Kultumarka og skogen	To dagsverk /år	Grunneigar Ekstern saueeigar	Er i gang

Lokalisering: Kulturmarka og skogen rundt gardane i Hisdal.

Skildring: Ein lokal gardbrukar har sauebesetningen sin (40 dyr i 2011) i Hisdal. Gardane er inngjerda, men gjerdet er flytta nærare husa i 2011 for å få beita større areal. Dersom ikkje anna blir avtala med grunneigar, skal portane stå opne i periodar når gardane ikkje er i bruk (til dømes tidleg vår og på hausten). Det bør òg bli sett opp ein eller fleire slikkestein i området med ope landskap, slik at fleire sauer trekkjer inn mot engene. Slikkesteinen bør stå innanfor kanten av bjørkeskogen, fordi det vil vera meir tråkk rundt denne som vil slite ned vegetasjonen. Saueeigaren har planer om å fortsetja å ha sauebesetningen sin i Hisdal ut planperioden.

Tiltak 4: Slått og brenning av open kulturmark

Nr	Når	Tiltak	Område	Tidsbehov	Aktør	Status
4	Årleg	Slått og brenning.	Kulturmarka ved gardane i Hisdal	5 dagsverk /år	Grunneigarar SNO FM Kommunen	Må bli planlagt i detalj årleg

Lokalisering: Kulturmarka rundt gardane på Hisdal.

Skildring: Slått av all open kulturmark bør bli gjennomført årleg etter bløming av viktige kulturengplanter, med særleg omsyn til solblom. På våren bør sølvbunkeengene bli brent. Detaljerte tilrådingar om tidspunkt og gjennomføring av slått og brenning er gjevne i skjøtselsplanen som er utarbeidd av Svalheim i 2008 (sjå vedlegg 2), og desse skal bli fylgde. I område med tuer skal det bli nytta beitepussar, men ikkje meir enn ein gong om året, då dette kan gjeva ein uønskt gjødslingseffekt.

Grunneigar har skaffa seg ein stor beitepussar og har slått enkelte område dei siste 4-5 åra for å få bort tuver og fremja veksten av floraen tilknytt sølvbunkeeng. Det er naudsynt med ein lettare tohjula beitepussar for å kunne skjøtte bratte parti som eventuelt blir rydda for bjørkeskog i planperioden. Tilgang på utstyr må bli avklara i samråd med SNO og kommunen, eventuelt Fylkesmannen.

Tiltak 5: Brenning av bjørkeskog

Nr	Når	Tiltak	Område	Tidsbehov	Aktør	Status
5	Ein gong	Brenning av bjørkeskog	Støyldalen	20 dagsverk	Grunneigar, FM, SNO, evt. ekstern forskingsintstans	Kan bli planlagt

Lokalisering: Støyldalen (sjå figur 1)

Skildring: For å ta vare på naturtypen tilknytt gamal furuskog, blir det kravd god forynging av furu. I dag er tilveksten av furu liten mange stader i naturreservatet, og bjørkeskogen dominerer tilveksten i mange område som tidlegare har vore dominert av furu. Furu er eit ljoselskande, branntilpassa treslag, og spiringa av furu i Hisdal er mest sannsynleg hemma av eit stadig tjukkare humusdekke og attgroing av fjellbjørk. Ein skogbrann vil kunne betre forholda for forynging av furu. Dersom dette blir aktuelt, er Støyldalen vurdert som eit egna område for å gjera eit forsøk med kontrollert skogbrann, fordi han ligg i ei sørhelling der snøen forsvinner fyrst om våren. Då vil det vera snødekte areal rundt, og bjørkeskogen kan bli brent utan fare for at brannen skal spreie seg. Tiltaket vil krevje ein del ressursar, og sannsynlege effektar av tiltaket, val av

forsøksområde og detaljert gjennomføring må bli planlagt i detalj før eventuell gjennomføring. Samarbeid med eit forskarmiljø som arbeider med skogbrann, til dømes på «Institutt for Skog og Landskap» v/ UMB, vil kunne vera ein styrke for tiltaket.

Tiltak 6: Kartlegging av kalvingsområde

Nr	Når	Tiltak	Område	Tidsbehov	Aktør	Status
6	2012 - 2015	Kartlegging av kalvingsområde for villrein	Heile Hisdal NR, samt Ljosådalen	3 dagsverk/år	FM SNO Evt. Ekstern utdanning-/forskingsinstitusjon	Må bli planlagt i detalj

Lokalisering: I hovudsak vestre delar av naturreservatet, samt område ikring (sjå figur 1)

Skildring: Før Hisdal naturreservat blei etablert, var delar av reservatarealet inne i eit biotopverneområde som «kalvingsområde for villrein» (etablert etter viltlova). I dag er det usikkert kva for område som faktisk blir nytta av villreinen til kalving. Ved å avdekkje lokalitetar for kalving, vil ein kunne ha ei meir sikker forvalting av desse verdfulle funksjonsområda.

Registreringa bør starte under kalvinga våren 2014. Arbeidet bør bli samordna med tilsvarande registrering av kalvingsområde for Ljosådalen. Registreringane skal bli merka på kart og plotta med GPS, for deretter å bli lagt inn i relevante kartdatabasar som eit verktøy for framtidig forvalting. Om det er klare tendensar i arealbruken under kalving, bør det bli laga ei oppdatert kalvingssone. Villreinen må ikkje bli forstyrra i registreringa. Kartlegginga bør bli fylgt opp årleg over minst 3 år.

Tiltak 7: Informasjonsplakat

Nr	Når	Tiltak	Område	Tidsbehov	Aktør	Status
7	2011	Oppsetting av informasjonsplakat	Ved vegen inn mot reservatet	1 dagsverk	SNO	Utført

Lokalisering: Ved vegen inn mot reservatet. (figur 1). Koordinatfesta: 32 V 403585 6575017.

Skildring: Langs vegen før ein kjem inn i Hisdal naturreservat skal det bli sett opp ei informasjonsplakat for å opplyse publikum om reglar for åtferd og verneverdiane i området.

4.3. Retningsliner

Generelt

Tiltak som blir planlagt og sett i verk skal ikkje gå ut over føremålsparagrafen i verneforskrifta. Det er bare forvaltingsstyresmakta eller dei forvaltingsstyresmakta fastset som har lov til å setja i verk tiltak innanfor naturreservatet.

Motorferdsel

Motorferdsel i utmark blir normalt regulert av lov om motorferdsel i utmark og vassdrag (motorferdsellova). Litt enkelt sagt er det i utgangspunktet ikkje lov med motorferdsel i utmark. Føremålet med lova er å verne om naturmiljøet og sikre friluftsverdiar. Verneforskrifta for Hisdal naturreservat inneheld eit generelt forbod mot motorferdsel, medrekna forbod mot start og landing med luftfartøy, forskrifta § 3 punkt 4:

§ 3 pkt. 4: «Motorferdsel er forbode, medrekna start og landing med luftfartøy»

Dette inneber at motorferdsel i Hisdal naturreservat er regulert av to lovverk: Motorferdsellova og verneforskrifta. Bykle kommune er ansvarleg styresmakt for motorferdsellova, medan Fylkesmannen i Aust-Agder v/miljøvernavdelinga er ansvarleg styresmakt for verneforskrifta. I tillegg til løyve frå det offentlege, må ein òg ha løyve frå grunneigarar for alle eigedomane som ein ynskjer å køyre på.

Verneforskrifta har fleire generelle unntak frå forbodet mot køyring knytt til transport av vilt, køyring på bomvegen, køyring i samband med skjøtsel av kulturlandskap, i samband med jordbruk og vedlikehald av bygningar, veger og stigar, samt ved drift av kraftanlegg. Transport med snøscooter innanfor reservatgrensa er ikkje omfatta av generelle unntak, og må søkjast om spesielt.

Innanfor reservatgrensene er det to stølar/jakthytter som er i bruk og som er aktuelle mål for snøscootertransport; «Flottebu» ved Hisvatnet og «Voilenuten» på heia sør i reservatet. Begge er vist på vernekartet, sjå figur 1. I tillegg er det fire fritidsbustadar som ligg samla på Rossåsen like utanfor vernegrensa i søraust; i Valle kommune, heretter kalla «Rossåsen». Vinterløypa frå Rossåsen ned i Ljosådalen sør for Hisdal er bratt og lite farbar med snøscooter om vinteren. Den mest aktuelle snøscootertraseen til desse fritidsbustadane er difor inn frå vegkrysset ved Litjønn, like aust for reservatgrensa, via Hisdal NR og opp på Rossåsen. På visse vilkår vil det vera aktuelt med løyve for naudsynt transport av proviant og til vedlikehald av bygningane for alle dei nemnde fritidsbustadane. I tillegg til køyring til fritidsbustadar/stølar/jakthytter er det naudsynt med løyve for å køyre snøscooter på bomvegen inn til gardane i Store-Hisdal dersom denne ikkje blir brøyta for bilkøyring vinterstid. Under blir det gjeve retningsliner som gjeld ved Fylkesmannen si handsaming av søknadar om løyve til køyring med snøscooter:

Retningsliner for søknadar om løyve til motorferdsel i utmark i Hisdal naturreservat:

- Faste traséar for scooterkøyring er ønskjeleg for å få ei føreseieleg forvalting av området. Fylkesmannen har ut frå tidlegare søkte løyve teikna inn aktuelle traséar inn til Flottebu, Voilenuten og Rossåsen på kart, sjå figur 4. Desse er føretrekte traséar.
- Det generelle unntaket i verneforskrifta § 4 punkt 4 om at forbodet mot motorisert ferdsel ikkje er til hinder for køyring og parkering på bomveg inn til gardane i Store-Hisdal, gjeld bare på barmark og på vinterbrøyta veg. Opparbeid veg som ikkje er brøyta for køyring med bil, blir rekna som utmark. Det må difor sendast inn søknad om eige løyve for køyring med snøscooter på ubrøyta veg som transport inn til gardane vinterstid.



Figur 4: Kart som viser aktuelle trasear for scooterkøyring til Flottebu, Voilenuten og Rossåsen.

- Løyve skal vera behovsprøva. Relevante behov for eit løyve er naudsynt vedlikehald av bygning, frakt av proviant, fisk-/vilttiltak, utsetjing av slikkestein, oppbygging av brannskada bygg, tiltak på kraftliner og frakt av storvilt. For transport langs bomvegen til gardane i Store-Hisdal, er transport av bagasje og utstyr relevant behov. Det vil vera restriktiv handsaming med omsyn til kor mange turar det blir gjeve løyve til.
- Dersom det er sameige, med mange som har heimel på same fritidsbustad/støl/jakthytte, må desse samordne søknadar om løyve til ein søknad, med ein ansvarleg søkar.
- For strekninga frå vernegrensa til Store-Hisdal, kan det bli gjeve løyve for inntil 15 (femten) turar tur/retur pr. sameige.
- For strekninga frå Store-Hisdal til Flottebu kan det bli gjeve løyve for inntil 4 (fire) turar tur/retur pr. sameige, med høve til å nytte fylgjescooter på alle turane.
- For strekninga frå Store-Hisdal til Voilenuten kan det bli gjeve løyve for inntil 4 (fire) turar tur/retur pr. sameige, med høve til å nytte fylgjescooter på alle turane.
- Det kan bli gjeve løyve for inntil 3 (tre) år av gongen.
- Det kan ikkje bli gjeve løyve for køyring i kalvingssona for villrein f.o.m. 25. april t.o.m. 31. mai.
- Det skal bli ført logg for all køyring. Søkjarane er sjølve ansvarlege for å ha eit system for loggføring gjennom sesongen som til ei kvar tid syner kor mange turar det er køyrt, og denne loggen må kunne visast fram ved eventuelle kontrollar. Loggen skal etter kvar sesong sendast til Fylkesmannen ved miljøvernavdelinga, seinast 15. mai kvart år. Manglande loggføring og rapportering kan få konsekvensar for framtidig sakshandsaming ved søknad om løyve til motorferdsel i naturreservatet.
- Det er i utgangspunktet ikkje aktuelt med løyve til køyring på barmark.

Bomveg inn til gardane i Store-Hisdal. Foto: Ingunn Løvdal

Alle typar tiltak som er i strid med forskrifta til Hisdal naturreservat, er søkjepliktige. Er du i tvil, må du rådføre deg med Fylkesmannen i Aust-Agder v/miljøvernavdelinga.

5 FORVALTINGSSTYRESMAKT OG SAKSHANDSAMING

Fylkesmannen i Aust-Agder er forvaltingsstyresmakt for Hisdal naturreservat.

5.1. Sakshandsaming innanfor verneområdet

Alle typar tiltak som er i strid med forskrifta for Hisdal naturreservat, er søkjepliktige. Dersom tiltaket òg fell inn under lov eller forskrift som føreset kommunal sakshandsaming, skal søknaden sendast til kommunen, same praksis som hittil. Kommunen sender sakene vidare til Fylkesmannen for sakshandsaming og vedtak etter forskrifta, og til Aust-Agder fylkeskommune, ved seksjon for kulturminnevern, for handsaming etter lovgjevinga for kulturminnevern. Dette blir gjort før kommunen eventuelt fattar vedtak etter ”sitt” lovverk, til dømes plan- og bygningslova eller landbruket sine sektorlover for jord- og skogbruk.

Søknadar om tiltak som krev dispensasjon frå plan- og bygningslova, skal sendast til Bykle kommune. Sidan naturmangfaldlova er den ”strengaste”, sender kommunen fyrst over saka til Fylkesmannens miljøvernavdeling for handsaming etter forskrifta. Kommunen handsamer etter det saka etter plan- og bygningslova, dersom Fylkesmannen har fatta eit vedtak i søkjar sin favør.

For tiltak som er i strid med forskrifta for Hisdal naturreservat, og som ikkje fell inn under lov eller føresegner som byggjer på eit kommunalt vedtak, skal søknad sendast direkte til Fylkesmannen. Fylkesmannen vil handsame saka og fatte vedtak etter verneforskrifta. Dersom tiltaket òg kjem inn under ansvarsområdet for styresmaktene for kulturminnevern, vil Fylkesmannen sende saka til Aust-Agder fylkeskommune, ved seksjon for kulturminnevern, for handsaming etter aktuell lovgjeving.

5.2 Tiltak etter forvaltingsplanen

Tiltaka som er lista opp i tabellform i denne forvaltingsplanen (Tabell 1), er klarert for gjennomføring i forhold til verneforskrifta.

I forvaltingsplanen er det lagt opp til at tiltak generelt, til dømes informasjonstiltak, skal bli gjennomført i samarbeid med miljøvernavdelinga. Tiltak som ein måtte vera i tvil om kan vera i strid med verneføremål og/eller føresegner, skal bli avklara med Fylkesmannens miljøvernavdeling før gjennomføring.

5.3. Oppsyn

Statens naturoppsyn, Bykle lokalkontor (SNO Bykle), har ansvar for oppsyn i Hisdal naturreservat. SNO gjennomfører og /eller hjelper til i gjennomføring av forvaltingstiltak. Se http://www.naturoppsyn.no/bykle/ for meir informasjon om SNO.

5.4. Økonomi

Det er ei statleg oppgåve å finansiere tiltak som fremjar verneføremål. Aktuelle forvaltingstiltak må bli initiert av forvaltingsstyresmakta, som er Fylkesmannen i Aust-Agder. Tiltak i denne samanhengen er konkrete fysiske tiltak i verneområda som fylgjer direkte av forvaltingsplanen. Forvaltingsplanen skal vare i ti år. Etter dette vil tiltaka bli evaluert, og ei vidareføring vil bli vurdert. Oppstillinga av tiltak i tabell 1 i forvaltingsplanen er ei oversikt over prioriterte tiltak. Denne dannar grunnlag for årlege søknadar om midlar til Miljødirektoratet. Fylkesmannen og Miljødirektoratet er likevel avhengige av dei årlege løyvingane over statsbudsjettet til verna område i Noreg. Det er difor ikkje høve til å gjeva meir presise overslag for økonomi enn det som er gjort.

6 KJELDELISTE

Svalheim, E., 2008. Rapport; Skjøtsel av kulturavhengig biomangfold på Hisdal i Bykle kommune. Bioforsk

Svalheim, E., 2010. Handlingsplan for slåttemark, Svalheim 2010, Bioforsk.

Heggland, A., 2006. Naturfaglig undersøkelse av 7 skogområde i Agder og Telemark, s 32 – 41. Asplan Viak AS.

7 VEDLEGG

Vedlegg 1: Verneforskrift

Vedlegg 2: Skjøtselsplan (Svalheim 2007)

Fylkesmannen i Aust-Agder
miljøvernavdelinga

FORVALTINGSPLAN FOR HISDAL NATURRESERVAT

Bykle kommune, Aust-Agder

Høyringsutkast september 2013

Fylkesmannen i Aust-Agder
Postadresse: Postboks 788 Stoa
4809 Arendal
Besøksadresse: Ragnvald Blakstadsv. 1
4838 Arendal
E-post: fmaapost@fylkesmannen.no
TLf: 37 01 75 00
www.fylkesmannen.no